



# “*Segjer dei Sørbrød, Folk der burte?*”

## Person- og miljøskildrande namnebruk i Arne Garborgs dikting

INGE SÆRHEIM

“Gaarden heter Sørbr-rød,” sa Daniel. “Sørbrød; det var rart. *Segjer dei Sørbrød, Folk der burte?*” “N-ei,” svara Daniel, “men det skrivst so.” “Kva segjer Folk daa?” “Folk-; dei segjer ...” – “Folk segjer vel *Sørbraut*,” lagde Markus Olivarius myndigt inn; han kunde Landsmaal. “Ja,” sagde Daniel; “dei segjer *Sørbraut*.” “So *heiter* Garden *Sørbraut* daa,” dømde Haugum; “og *det* skulde ikkje vera godt nok?” (Garborg 1921: 48).

Tekstutdraget frå romanen *Bondestudentar* (1883) gjev eit innblikk i korleis Arne Garborg nyttar namn i diktinga si, og korleis han stundom legg kommentarar om namnebruk og namneformer i munnen på romanpersonar. På studentfabrikken i hovudstaden får Daniel spørsmål om kva garden han kjem frå heiter. Han svarar *Sørbrød*, slik namnet er skrive. Men han blir raskt sett på plass av medelevar, som peikar på at garden heiter *Sørbraut*, slik folk på heimstaden seier: "Sørbrød [...] Det er dei danske Futane som hev funni paa det" (loc. cit.).

I fleire av bøkene sine synleggjer Garborg korleis embetsmenn har normert norske namn – både person- og stadnamn – på grunnlag av dansk språk og skriveskikk og gjeve dei skrivemåtar som ikkje samsvarar med dei nedarva norske formene. Dei genuine namneformene vert nytta i norsk talemål, i dialektane, altså i det miljøet som Daniel kjem frå.

At Daniel ikkje vågar å stå for den arven og kulturen som heimeljøtet hans representerer i møtet med andre personar i hovudstaden, er med på å karakterisera han som person, som ein svak karakter. Han er motsetninga til profeten Daniel i Det gamle testamentet, han som vart kasta i løvehola fordi han nekta å etterkoma eit påbod om ikkje å tilbe andre enn kong Dareios.

Førenamnet til Daniel Braut kan oppfattast ironisk. I romanane til Garborg er namneval, namneformer og namnebruk eit verkemiddel i personteikninga. Tydingar og assosiasjonar til namn på romanper-

sonar seier noko om karakterdraga og eigenskapane deira.

### Litterær namnebruk

Namna har ofte bestemte funksjonar i diktverka. Det går fram av eit brev frå den svenska forfattaren Maria Gripe til namnforskaren Kvillerud (1987: 59): "Namnval och allt bestäms av den historia jag vill berätta [...] När jag fått reda på gestalternas namn, kan jag börja skriva. Jag vet ju inte hurudana de är, förrän de har fått sina namn". Gjennom innhaldet og konnotasjonane til namna kan forfattaren visa eigenskapar og karakterdrag hjå personane. Slik får namna litterær funksjon. Gransking av namna er difor viktig i den litterære analysen. Det er understreka av namne- og litteraturforskrarar i mange land.

Også i antikken var ein klar over funksjonen til litterære namn. Aristoteles (384–322 f.Kr.) skriv i *Om dikttekunsten (Poetikken)*: "når dikterne setter fabelen sammen i overensstemmelse med det som er sannsynlig, setter de også treffende navn på personene" (1987: 30).

I Garborgs romanar ventar ein å finna namnebruk som høver med det litterære programmet hans, t.d. når det gjeld nordiske og bibelske namn, dessutan lokalmerkte namneformer og namnebruk i ulike sosiale miljø (Særheim 2001). Jær-romanen *Fred* og dei fire Kristiania-romanane *Bondestudentar*, *Mannfolk*, *Hja ho Mor* og *Trætte Mænd* er rekna som naturalistisk diktning, der det er gjeve truverdige miljø-,

samfunns- og personskildringar, med framstelling av personane som resultat av det miljøet dei spring ut av. I eit brev til Ola Hansson 23.6.1890 skriv Garborg at hans naturalistiske grunnformel er "Menneskeforklaring paa Grundlag af Determinisme" (Garborg 1954: 251). Thesen (1936: 215) hevdar at Garborg i diktinga frå 1880-åra "forklårar menneska og deira lagnad ut frå det miljø og det samfund dei lever i, og ikkje minst legg han [...] vekt på dei økonomiske tilhøve i si menneskeforklåring".

Med tanke på den litterære analysen er det nytig å sjå på meiningsinnhaldet i namna og prøva å avdekkja mogleg namnesymbolikk. Ein kan rekna med at namn i romanane gjennom tydingar og assosiasjonar speglar særtrekk ved personane. Ved hjelp av namna kan forfattaren dessutan underbyggja spesielle syn i aktuelle stridssaker, t.d. når det gjeld målspørsmålet, kvinnefrigjering og den kristne læra.

I denne artikkelen er både person- og stadnamn omtala. Døma er hovudsakleg henta frå dei fire Kristiania-romanane, *Bondestudentar* (1883), *Mannfolk* (1886), *Hjaa ho Mor* (1890) og *Trætte Mænd* (1891), og frå dei fire bøkene om Høve-ætta: *Fred* (1892), *Læraren* (1896), *Den burtkomne Faderen* (1899) og *Heimkomin Son* (1908).

### Bruken av nordiske namn: frå *Enok Høve* til *Einar Høve*.

Nokre forskrarar som har granska namnebruken i

realistisk og naturalistisk litteratur, har sett på fordelinga mellom personnamn av nordisk språkoppfahv og innlånte namn. Til lånte namn høyrer bibelske og kyrkjelege namn og namn som er lånte frå tysk, engelsk, fransk eller eit anna språk. Bruken av nordiske namn her i landet har skifta gjennom tidene og det har vore variasjon frå landsdel til landsdel. Best heldt dei nordiske namna seg i Telemark, Agder og Rogaland. Frå siste delen av 1800-talet til eit stykke ut på 1900-talet tok bruken av slike namn seg opp som følgje av den nasjonale reisinga. Ein talar då om ein nordisk namnerenessanse.

Variasjonen i bruk av nordiske personnamn kjem klart til uttrykk i diktinga til Garborg, noko som er i tråd med naturalismens krav om sanne miljøskildringar. Spesielt interessant er her skilnaden mellom Kristiania- og Jær-bøkene, med klart færre nordiske namn i hovudstadsskildringane. I ei mellomstilling står *Bondestudentar*, der mange personar kjem frå bygdemiljø, noko òg tittelen fortel; den første delen av romanen føregår i eit Jær-liknande miljø og resten i Kristiania og nærliggjande område. Ca. 19 % av førenamna i denne romanen kan kallast nordiske. I dei tre andre Kristiania-romanane er prosentdelen noko lågare, mellom 10 og 14 %. Tala for Jær-bøkene er mellom 26 og 30 % i dei to første (*Fred* og *Læraren*) og heile 52 % i *Den burtkomne Faderen* og *Heimkomin Son*. For *Haugtussa* er talet 34 %.

Både i Kristiania- og Jær-bøkene er det prosentvis fleire namn av nordisk opphav blant mannsnamna

»Kva heiter Garden?« spurde Haugum. Daniel raudnad litt; »aa —,« sagde han. »Han heiter væl ikkje Tamperud, som der eg er ifraa?« spurde Olsen den fyrste; Markus Olivarius Markusen lo i høgan Sky. »Nei«, smilte Daniel lettad; — men tenkje seg, at denne Austlendingen vilde fortelja slikt! — »Naa, lat oss høyra«, ropad Haugum litt kvasst; han kunde ikkje forstaa seg paa denne seige Vestlendingen, som var rædd for aa segja, kor han var ifraa. »Jau«, svarad Daniel modigt, »Garden heiter Sørbr—brød«. »Sørbrød, det var rart«, sagde Haugum. »Segjer dei Sørbrød, Folk der burte?« — »N—ei«, svarad Daniel uviss, »Folk segjer ikkje so; men det skrivst so.« »Kva segjer Folk daa?« spurde Haugum. »Folk —; dei segjer . . .« — »Folk segjer væl Sørbraut«, lagde Markus Olivarius myndigt inn; han kunde Landsmaal. »Ja«, sagde Daniel; »dei segjer Sørbraut.« »Altso heiter Garden Sørbraut daa«, dømde Haugum; »og det skulde ikkje vera godt nok?« — »Sørbraut?« spurde Daniel med store Augo. Javisst! Sørbraut! »Sørbraut er eit godt Namn«,

dømde Markus Olivarius. »Men Sørbrød — ha-ha-ha-ha! *Sørbrøzz*« — han hermade det paa Dansk —, »det duger ikkje. Ha-ha-ha! Det er dei danske Futarne, som hev funnet paa det. *Sørbrøzz*, ha-ha-ha-ha!« — »Surbroð«, smaa-lo Johannes Ortvedt; Daniel vart blodraud, men kom seg att, daa han saag, at ingen hadde lagt Merke til det. Markus Olivarius gav seg til aa halda eit Foredrag um norske Gardsnamn og danske Futar; men Haugum, som visste, at Tidi var knapp, stoggad han og heldt istaden eit Foredrag til Daniel um Namnet Sørbraut. Det var eit godt og norsk Namn, som han burde bruka; — »ikkje sannt, Rud?« ropad Haugum til ein nykomen, som just stod og lagde Bøkerne sine ifraa seg paa Pulten. »Heiter Garden Sørbraut?« spurde Rud. »Ja —?« sagde Haugum. »So er der væl altso eit Nordbraut og?« Den saag paa Daniel; »n—ei; jau!« sagde denne, »men langt ifraa . . . langt, langt . . .« »Det er det same«, dømde Rud; »altso heiter Garden Braut. »Sør« og »Nord« er berre Tillegg; Braut er Namnet, og Braut bør De heita.« Jens Rud sette seg; Saki var avgjord.

**Sitat frå *Bondestudentar* av Arne Garborg, 1. utgåve 1883, side 79-80.**

enn blant kvinnenamna, noko som høver med det røynlege mønsteret i den tidsepoken som er skildra. Ifølgje Aurenes (1942), som har undersøkt namnebruken på Jæren (særleg i Høyland herad) i åra 1519–1937 ut frå opplysningar i manntala, var i 1865 vel 25 % av namna av ”norsk rot”, nemleg 38 % av mannsnamna og 12 ½ % av kvinnenamna. I 1937 omfatta dei 33 % av namna, 42 % av mannsnamna og 24 % av kvinnenamna. Desse tala høver godt med pro-

sentdelen av nordiske førenamn i *Fred og Læraren*. Den klare auken av slike namn i dei to siste bøkene om Høve-ætta kan setjast saman med den nordiske namnerenessansen, som også på Sørvestlandet førte til oppgang for desse namna. Omfanget av slike namn i dei to bøkene er likevel klart større enn den reelle namnebruken i den aktuelle perioden, noko som kan ha bakgrunn i at forfattaren ønskte meir heimleg namnebruk. Frå *Heimkomin Son* kan nem-

nast *Haavard Haatun*, *Ingeborg Haatun*, *Aasmund i Aasebrøtet*, *Guri i Heialandsmarki*, *Ola Bruset*, *Ragnhild Hòve*, *Trond der nord*, *Svein der aust*, *Bård Bø og Einar Bø (Hòve)*.

I desse to bøkene finn ein nokre interessante synspunkt om val av namn. I *Den burtkomne Faderen* blir det fortalt at dotterson til Enok Hove har fått namnet *Einar*: "Det er Far vaar han heiter etter," sagde Mor hans; "det er elles det gamle Namne, veit du: han Langgodfar heitte Einar." Reidar smilte: "me fær halde oss til vaare Namn som Jødane til sine," sagde han" (1922 c: 322 f.).

I *Heimkomin Son* får me vita at Einar skal ta over morfarsgarden. Ut frå skikken med oppkalling kunne ein venta at nesteldste sonen til Serina fekk same namnet som morfaren, altså *Enok*, men *Einar* skal altså vera eit eldre namn i denne rekka, brukt om tippoldefar til guten, og det blir føretrekt framfor det gammaltestamentlege *Enok*. Her er uttrykt ønskje om å nytta nordiske namn framfor bibelske, men det er òg lagt vekt på å halda seg til oppkalling.

Både sønene til Serina har nordiske namn, *Bård* og *Einar*. Den eldste sonen hans Enok fekk det nordiske namnet *Gunnar*, men dei andre borna fekk bibelske namn, vel som følge av det veksande religiøse engasjementet til Enok. Med forteljinga om Einar i *Heimkomin Son* er det varsle ei ny tid for Hòve-garden, der religiøse tvangstankar i tidlegare generasjonar hadde ført til sjølvord, brot av familieband og sal av slektsgarden. Også i dette lyset kan ein sjå den

sterke auken av nordiske namn i dei to bøkene, som teikn på ei 'sunn' utvikling, jf. Garborgs eigne ord i dagboka for 9.3.1907 (året før *Heimkomin Son* kom ut): "i "Læraren" og "D. b. Faderen" hev eg lagt fram det gode Grunnlage eg trur paa i Folke [...] det som eg daa maa ynskje kunde vinne seg meir og meir fram, og som etter mi Tru maa vinne seg fram, um me skal vinne vaar fulle Livskraft" (1924: 246).

### Bruken av bibelske namn: "halve Judæa flute [...] til Jærs".

I *Knudhaibrev*(1904) fortel Garborg om kor sterkt innhogg den religiøse vekkinga gjorde i den jærske kulturen, bl.a. når det gjeld namngjeving: "Med Lars Oftedal naadde "Vekkjings"-Tidi paa Jæren sitt høgste. Betania, Betsaida, Elim, Salem, halve Judæa flute gjennom Bønehusi hans til Jærs, og det vart sistpaa mest rart, at Folk sagde Jæren og Stavanger og ikkje likso godt Judæa og Jerusalem" (1922 d: 263). Om møtet med den nye læraren, Torkell Mauland, heiter det: "Det var kje so mykje "nytt" han lærde meg; men han lærde meg aa sjaa det gamle so *det* vart nytt; og smaatt um Senn tok eg til aa skyna at eg livde i Norig og ikkje i Galilæa" (op. cit. 215).

Både i Jær- og Kristiania-bøkene er prosentdelen av kyrklelege namn høg. I *Fred* har Garborg fått fram den særprega bruken av bibelske namn i sørvestnorske bygder, jf. namna til dei fire yngste borna hans Enok Hòve: *Serina, Anna, Rakel* og *Paulus*, dessutan fattigbarnet ("Jesus-barnet") *Lukas*,

som Enok tok inn i huset sitt. I *Læraren* finn ein det arameiske *Tabitha*, nytta om ei kvinne som heldt seg mykje rundt læraren Paulus, som òg *Evelinde*. Det sistnemnde har Garborg truleg laga sjølv, vel med det tyske etterleddet *-linde* og det hebraiske *Eva*, ev. som variant av *Evelyn*. I same krinsen heldt *Gudleik* seg; dette namnet har nordisk opphav, men tydinga, ledda *Gud-* og *-leik* ('kamp, kjempe'), høver med dei to andre.

Den sterke bruken av bibelske namn er òg spegla i namna som bonden Ole Johannes Sørbraut i *Bondestudentar* gjev borna sine. I tillegg til *Daniel*, som er den femte i rekka, finn ein *Jeremias*, *Elias*, *Naomi*, *Judit* og *Mari*, dessutan *Reinert* med tysk opphav. Det blir fortalt at *Daniel* er oppkalla etter farfaren, *Dagfinn*, og det er nemnt likskapstrekk mellom dei to, bl.a. eit godt hovud. Ved oppkallinga er det nordiske namnet *Dagfinn* bytt ut med det bibelske *Daniel*, noko som vel heng saman med at "Ole Johannes var paa sin Maate ein gudeleg Mann" (Garborg 1921: 3, 8), slik det er uttrykt i den noko ironiske skildringa av han i opningskapitlet. Ein parallell frå *Fred* når det gjeld utbyting av eit nordisk namn med eit bibelsk, er *Enok (Høvel)*, etter *Einar* (farfaren).

I Kristiania møter Daniel nordlendingen *Eleasar Karelius Manassesen Stormyrhals*, til vanleg kalla *Karl Magnus*. Både *Eleasar* og *Manasse* er gammal-testamentlege (hebraiske) namn som har vorte nytta i Nordland, medan *Karelius* er avleiing av *Karl*, også det brukt i Nordland (NPL 72, 161, 191). *Stormyrhals*

ligg faktisk føre som gardsnamn i Beiarn (Nordland), til vanleg kalla *Helsen* (Rygh 1905: 196).

Også Hamsun har prøvd å spegla den sterke bruken av bibelske namn i Nordland, jf. følgjande utdrag frå romanen *August*: "Forældrene var uendelig gode og vakte Mennesker, de hadde i sin Ungdom, mens de endda var vilde og verdslige, døpt det første Barn med Navnet Edevert, det blev Storebror, siden fik Børnene bibelske Navne et for et: Hosea, Joakim, Pauline, og et Barn som døde Zakæus. Heri var intet paafaldende, i hele Distriktet, i hele den nordlige Landsdel yret det med tildels riktig forunderlige bibelske Navne på Folk" (1933: 41).

Fleire av hovudpersonane i romanane til Garborg har bibelske namn, t.d. *Daniel Braut*, *Enok Høve*, *Paulus Høve* og *Gabriel Gram*. I nokre av dei ligg det tydingar og assosiasjonar som høver med karaktertrekka til personane og temaet i bøkene (dette blir omtala nedanfor).

### Lokalmerkte namneformer:

#### *Aslak Mogen og Per Rudlevig.*

Sjølve namnelaginga kan vera ein del av miljøskildringa, t.d. lokalmerkte former, gjerne dialektformer, av person- og stadnamn. At Garborg i ein fotnote i *Fred* (1922 c: 56) opplyser at nokre personnamn skal uttalast på ein spesiell måte, som er i samsvar med jærmålet, er eit naturalistisk drag som vitnar om grannsemd i miljøskildringa, jf. òg bruken av notar. Her heiter det: "*Jorina, Serina, Maria osfr.*, i det heile

alle tristavde Ord, vert ut-tala med two tunge Stavingar og ei lett [...], ikkje Jorina, Maria osfr.". Med hjelpeiteikn for vokallengda er det vist korleis uttalen skal vera. Det er òg opplyst om 'tonefallet' for namna *Anna* og *Marta*.

Eit kvinnenamn i *Fred* som har ein skrivemåte som ligg nær opp til den jærske uttalen, er *Kjistina*, skrive med j. Av mannsnamn finn ein *Andrias* (Læ) og *Rasmiss* (Fr). Elles er *Elias* ført opp med ei form som har vore vanleg i denne typen innlånte namn, (*han*) *Lias*, altså med bortfall av den trykklette førstestavinga.

Andre uttrykksmåtar med personnamn som høver med dette målføret, er *Kornelius hans Helge* (Fr), som gjer greie for kven vedkomande er son til, dessutan *Per der nord* (Fr) og *Svein der aust* (HS), der det er opplyst kor personane bur. I jærmålet er *Der aust*, *Der sør(r)*, *Der oppe*, *Der heima* o.l. vanlege nemningar for gardsbruk, altså 'garden der sør' etc.

Det er jamvel råd på grunnlag av språkforma å heimfesta nokre namn ut frå målføregrenser. I etternamnet til *Per Rudlevig* (Fr), som vel er eit opphavleg stadt namn, er det to kjende dialektmerke, utvikling av gno. *k* → /g/ etter lang vokal, og av gno. *ll* → /dl/. Slike språkdrag peikar mot søre delen av Rogaland og ein tilgrensande snipp av Vest-Agder. Etternamnet til *Jonas Rudlevik* (Læ) er skrive med utlydande -*k*. Av di gards- og etternamna i bøkene om Høve-ætta til vanleg er normerte ut frå norsk språkgrunnlag, kan skrivemåten *Rudlevig* med *g* reknast som eit norsk

målmerke, ikkje som danskpåverka normering.

Nokre personnamn har eit avgrensa utbreiingsområde som kan seia noko om kor vedkomande person er frå. Førenamnet *Rasmann*, som er brukt om ein fattiglem i *Læraren*, er t.d. hovudsakleg nytt i Rogaland og på Agder (NPL 237).

Somme etternamn og stadt namn i romanane som òg ligg føre som reelle gardsnamn, er typiske for visse delar av landet. Dei vitnar om god kjennskap til utbreiinga av ord- og namneformer. Etternamnet til *Aslak Mogen*, ein telemarking i *Bondestudentar*, er t.d. bunden form av ordet *mo m.*, ein variant som er nytt i ein del av Telemark, dessutan i Numedal. Telemark har òg vore kjerneområde for førenamnet *Aslak*. Andre namneformer som kan seia noko om kor personane er frå, er *Ryen* (HhM), *Elmerud* (HhM) og *Trondby* (HhM), der nokre gardsnamn typar er representerte (*vin-*, *rud-* og *by-/bø-*namn), jf. òg fleirtalsformer som *Holter* (HhM) og *Fjordan* (Bst), den sistnemnde med avkorta ending.

Somme *land*-namn er brukte om personar frå Sørvestlandet og Sørlandet, jf. *Holmeland* (Mf, HS), *Tualand* (Fr) og *Haaland* (Fr), også det i samsvar med utbreiinga til desse namnetypane. Nokre av dei førekjem som røynlege gardsnamn, medan andre er laga av forfattaren i samsvar med lokal namneskikk, t.d. *Bliland*, *Brageland* og *Heialand*. På tilsvarende måte har Garborg nytt gards- og etternamn på *-stad*, jf. *Nerstad* (Bst), *Frigstad* (Mf), *Ålvhestad* (Fr).

Sjølv om somme stadt- og etternamn, både i Kris-



### Arne Garborg sin barndomsheim.

Foto: J.O.Grimstvedt, Jærmuseet

tania- og Jær-bøkene, svarar til røyndege namn, t.d. *Braut*, *Sørbraut*, *Nordbraut*, *Kleppe*, *Soma*, *Byberg*, *Vea* mfl., er det oftast nytta 'nylaga' namn i romanane. Unntak er skildringa frå Kristiania, der det er brukte eksisterande namn, som *Vika*, *Hægdehaugen*, *Homansbyen*, *Majorstogo*, *Slottsparken*, *Grefsen*, *Ekeberg*, *Vaterland*, *Gaustad*, *Grønland*, *Piperviki*, *Akerselvi*, *Maridalsvatnet*, *Sankt-Hanshaugen*, *Vollgata*, *Kyrkjegata*, *Akersgata*, *Karl Johan*, *Fredensborgvegen*, *Bogstadvegen*. Å nytta eksisterande stadnamn frå Kristiania, men nylaga namn frå andre stader, er vanleg i realistisk litteratur frå 1870- og 1880-åra.

Også Kielland nemner eksisterande namn frå Kristiania i romanane sine, og frå "Byen" ("Smaabyen") tek han med nokre namn som finst i Stavanger, t.d. stadnamn som *Paradis*, *Blåsenborg* og *Byfjorden*,

og namn på bygningar som *Bispens Kapel*, *Arken* og *Klubben*. Men namnet Stav-anger er ikkje nytta, sjølv om det er vanleg å identifisera "Byen" med nettopp Stavanger (Særheim 2007: 40).

Garborg har med fleire kjende bynamn: *Kristiania*, *Drammen*, *Larvik*, *Kongsberg*, *Arendal*, *Kristiansand*, *Stavanger*, *Haugesund* og *Bergen*. Frå Bergen er elles nemnt *Sandviken* (TrM). Småbynamnet *Kristiansborg* (HhM) må vera Garborgs eiga laging. Ein finn *Hardanger*, *Telemarken*, *Sætersdalen* og *Numedalen*, men ikkje *Jæren*. Modellen for "ei sju Milir lang laag Sandstrand" er likevel klar nok; namnet er det einaste som manglar.

Nokre romanfigurar som svarar til historiske personar frå hovudstadsmiljøet, er i bøkene omtala med kallenamn som har vore nytta, t.d. *Dølen* for Aasmund Olavsson Vinje, *Fram* for Olaus Fjørtoft og *Gammel'n* for Henrik Anton Schjøtt Heltberg (han med studentfabrikken), alle frå *Bondestudentar*. Olav Midttun har i kommentarar til ei skuleuttgåve av denne boka (frå 1962) gjort greie for kven fleire personar "er", i somme høve visstnok med grunnlag i Garborgs eigne utsegner.

Personar som det ikkje skal vera modellar for, er omtala som "konstruerte". *Pater omnipotens* er visstnok Peter Hærem (Midttun 1962: 257 f., Thesen 1933: 178); jf. at det første ledet i tilnamnet nesten er identisk med førenamnet til modellen. I *Knudahreibrev* skriv Garborg (1922 d: 164): "I "Bondestudentar" hev eg sett inn eit Par Sogur [...] som han

[dvs. Peter Hærem] fortalte meg sjølv". Sjølv om det kan vera grunnlag for slike framlegg til modellar, vil leitinga lett kunna ta merksemda bort frå verka som dikting. Det er difor all grunn til å visa 'måtehald' ved bruk av denne framgangsmåten.

I Kristiania-bøkene viser Garborg i fleire høve korleis norske stadnamn (gjerne gardsnamn) brukte som etternamn ofte er normerte ut frå eit dansk språkgrunnlag, jf. proprietær og student *Stensrud* på *Steinsrud* (Bst), dessutan proprietær og fru *Wiig* på *Vik* (HhM). I *Bondestudentar* er det gjort eit poeng av at Daniel frå garden Sørbraut i bøkene er innskriven som *Daniel Olsen Sørbrød*, noko som fører til at han vert kalla *surbrød*. Han bed rektor om å få endra namnet til *Daniel Olsen*. Men når Daniel prøver seg att med forma *Sørbrød* på studentfabrikken i hovudstaden, blir han, som nemnt, sett på plass av medelevar.

I *Knudaheibrev* peikar Garborg på korleis embetsmenn har endra både person- og stadnamn med skrivemåtar som ikkje høver med dei nedervde norske formene (jf. 1922 d: 283). Han kommenterer òg korleis namn og namneformer heng saman med identitet og sjølvvørndnad, både som individ og folk. Naturleg nok kjem han inn på den namneendringa han sjølv føretok då han etter råd frå P.A. Munch endra førenamnet sitt frå *Aadne* til *Arne*. Han var oppkalla etter farfaren, "han gamle Aadne", og legg til: "difor harmar det meg, at eg hev bytt burt Namne" (op. cit. 190). Namnebyte er likevel ikkje uvanleg for

diktarar, jf. at Hamsun tidlegare heitte *Knud Pedersen* og Falkberget *Johan Petter Mikkelsen Lillebakk*en.

**Sosiale skilje i namnebruken: "Men ender og daa kom det trampande ein *homo novus*, ein Aslaksen eller ein Bragestad".**

Både i eldre og nyare tid har namngjevinga vore ulik i ulike samfunnslag. Namn og namneformer i diktinga kan difor spegla visse sosiale miljø og gje uttrykk for samfunnsmessige haldningar. Dei kan òg spegla sosiale ambisjonar, både ved uttale og skrivemåte. Sosiale skilje kan henga saman med geografi, t.d. ulikskap mellom land og by, mellom ulike miljø i byar og bygder, og mellom landsdelar, jf. den ulike bruken av nordiske og bibelske førenamn i visse landsdelar.

Skilnad i kultur, bl.a. i namnebruk, mellom eit bondemiljø og hovudstadsmiljøet, kjem ofte til uttrykk i *Bondestudentar*, jf. skildringa av immatrikuleringa:

"So skulde dei nyfødde Aands-Adelsmennane fram og faa sine Borgarbrev og gjeva Lovnaden. Det vart ei lang Mynstring. Dei fleste var Bystudentar, Folk med store plattyske Namn, og med dette serskilde fine Lag, som Daniel hadde undra seg yvi i alle sine Dagar. Men ender og daa kom det trampande ein *homo novus*, ein Aslaksen eller ein Bragestad; og Daniel saag med veksande Uro, kor lett det mest alltid var aa kjenne deim fraa dei andre. Dei hadde ikkje Svingen" (Garborg 1921: 96).

Studentar frå landsbygda har ofte eit gardsnamn som etternamn, t.d. *Rud*, *Haugum*, *Bruvik*, *Mosebø*, *Juberg*, *Underbø*, *Hærland*, gjerne med eit patronym (farsnamn) mellom føre- og etternamnet, i samsvar med gammal namneskikk. Daniel blir under immatrikuleringa kalla fram som *Daniel Olsen Braut*. Embetsmenn og byfolk derimot har oftaast utanlandske – tyske eller danske – etternamn, jf. *Kapellan Hirsch*, *Kandidat Meier*, *Ekstraskrivar Becker*. I *Mannfolk* og *Hjaa ho Mor* har mange etternamn utanlandsk opphav, jf. *Grosserer Böckmann*, *Agent Knoph*, *Presten Brandt*, *Sakførar Lehmann*, *Fru Kahrs*, *Student Uchermann*.

Somme embetsmannsnamn kan – med forfattarenes ord – kallast 'store', jf. presten *Johan Peter Blommenberg Vangen* og prosten *Leopold Georg Kristian Hauk*, båe i *Ein Fritenkjar* (1881), altså to og tre førenamn og eit mellomnamn som ikkje er patronym.

I lågare samfunnslag finn ein òg store, 'pompøse' namn, gjerne som uttrykk for sosial oppdrift, og med innslag av ironi, jf. replikkvekslinga i fyrste vendinga av *Læraren* mellom Helga Hòve og broren lensmann Jens Eide. Jens seier: "Tabitha. Carolus Magnus. Dei hev slike merkelege Namn her ned paa Flatbygdi". Helga svarar: "Dei vil vera gilde her" (Garborg 1922 c: 211). I andre vendinga er lensmann Eide og fanten Carolus Magnus inne på same emnet. Carolus presenterer seg, "urimeleg høfleg", ifølgje scenetilvisinga: "Mit ringe Namn er Carolus Magnus Thomas-

sen". Jens svarar: "D'er kje noko ringe Namn det" (op. cit. 229).

Namnet *Carolus Magnus* har samband med at faren, Tomas Fredriksen (Fante-Tomas), "hadde lesi alle gode gamle Lærdomsbøkar" (Garborg 1922 c: 71), m.a. *Karl Magnus* ('den store'). "Tomas var ein merkeleg Fant", heiter det, ærleg, stolt og godt orientert om mange emne; han ønskte det aller beste for sonen sin. Presten Meier, som "vilde gjera noko stort" av Carolus, hadde sett seg føre at han "skulde bli Missionær og fara til Sululand" (op. cit. 73). Fantane i *Fred* har namn som var vanlege blant reisande i siste halvdelen av 1800-talet: *Fredrik*, *Carl*, *Gunhild*, *Else*, *Katrine* mfl. (jf. *Fantefortegnelsen*, Winge 1986, 1995). *Olaves* (*Didriksen*) – gjeld bror til fantekona Gunhild – er ei latinisering av *Olav*.

Førenamna til folk frå lågaste samfunnslag i bygdemiljøa er jamt over 'vanlege' personnamn, jf. *Legde-Guri*, *Legde-Lars*, *Maren doktar* (Fr). Rydsås konklusjon etter å ha sett på namna i fire naturalistiske romanar er at bruken av heimlege namn aukar "etterkvarter som ein går nedover i sosial rang" (1996: 85).

Etternamnet *Rotteholen*, som vel er eit plassnamn, jf. *Lars Rotteholen* (Fr) og *Rasman Rotteholen* (Læ), er eit klart uttrykk for det sosiale miljøet det her dreiar seg om. "Av alt det Skrape som flakka um paa Legd no var Lars Rotteholen den verste", heiter det i *Fred* (Garborg 1922 c: 102), der det er gjeve ei detaljert skildring av personen. På Jæren er *holen*

eit vanleg etterledd i plass- og bruksnamn, men *Rotteholen* er ukjent.

### Namnebruk som speglar kjønnsroller: “Ho var ikkje noko lenger, og turvte ikkje heite noko heller daa”.

Kvinnerolla i samtida er eit tema som Garborg tek opp både i artiklar, t.d. “Fri Skilsmisse” (1888), og i diktinga, bl.a. i *Hjaa ho Mor*, der utviklinga til fleire kvinner blir følgd over ein periode på ca. 20 år. Ein grunntanke hjå Garborg er at kvinna både økonomisk og ideologisk må bli uavhengig av mannen. Pga. samfunnstilhøva i 1880-åra var det så godt som uråd for ei kvinne å oppnå økonomisk uavhengigskap og medfølgjande handlefridom og sjølvrespekt. Tilhøvet til mannen kunne jamførast med eit ‘sal’, anten ved ekteskap eller prostitusjon.

At haldninga til kjønnsroller speglar seg av i språket, bl.a. i titlar og tiltaleformer, var framme blant språksosiologar i 1970-åra. Også Garborg var klar over korleis namnebruken og titlar speglar haldningar til kjønna, noko som går fram av følgjande utdrag frå *Hjaa ho Mor*:

“Ægteskape som det no var stelt var ei Avvyrding for Kvinna. Fraa den Stundi ho var vigg var ho ikkje eit Menneske for seg sjølv lenger; ho var eit Attpaas leng til Mannen og fyrste Tenestegjenta hans ... um elles den fyrste daa. Ho tapte tilmed Retten til aa hava Eige-dom; vart lovleg umyndig [...] Sjølve Namne sitt miste ho, raakande nok. Ho var ikkje noko lenger, og turvte ikkje heite noko heller daa. Ho var berre Fru den og den,

Blytekjar-Ingeborg, Skulemeistar-Else, Fru “Pastor” Løchen, Fru “Redaktør” Klem. Namnlaus og rettlaus vart ho smett inn i den “kvinnelege” Baasen sin, der ho kovna i Matsutir og Klædebøting; han hadde Verdi for seg; ho skulde passe Gryta” (Garborg 1922 a: 190 f.).

Bruken av namn, tiltale- og omtaleformer i dikt-tinga speglar undertrykkjande haldningar overfor kvinna og kvinna sin avhengigskap i høve til mannen. Dette er tydelegast i *Hjaa ho Mor*, men det kjem òg fram i andre romanar.

For tenestefolk er gjerne berre førenamnet nytta. I boka *Arne Garborgs Kristiania-romaner*, der Sjåvik drøftar tilhøvet mellom erotikk (samlivsvilkår, konvensjonar m.m.) og økonomi, peikar han på at Garborg i *Mannfolk* skildrar gatejentene si stilling i samfunnet gjennom fem kvinner som har valt eller fått seg pådytta denne rolla, nemleg *Helene*, *Berta Marie*, *Emilie*, *Elise* og *Constance*: “Garborg understreker det forhold at de alle tilhører underklassen ved å la dem kalles bare ved fornavn” (1985: 69 f.). Ut frå slike mønster er det råd å skjøna at Fanny Holmsen i *Hjaa ho Mor* ser fram til konfirmasjonsdagen sin då ho kan kallast *Frøken Holmsen*.

Når ho seinare som jobbsøkjar finn ut at det einaste som er aktuelt for henne, er krambupost, innser ho at: “so snart ein kom attum ein Disk, so miste ein Frøken-Namne og vart Jomfru” (Garborg 1922a:133).

Kvinnene er gjerne omtala med nemningar som gjer greie for kva stilling dei har overfor menn, anten *Frøken* og *Fru*, eller *Jomfru* og *Madam*, avhengig av samfunnssklasse, jf.

-Bst: *Fru Storr, Fru Louise.*

-Mf: *Frøken Dagmar, Frøken Johnsen, Fru Hauge, Fru/Madam Widstrup, Madam Ludvigsen, Madam Paalsen, Madam Lindner.*

-HhM: *Fru Schulze, Fru Storm, Fru Dahl, Fru Kahrs, Fru Thorne, Fru Holter, Fru Gundersen, Fru Juell, Fru Mühlberg, Fru Wiig, Fru Holmsen (også kalla Fru Margrethe); Frøken Neelsen, Frøken Bull, Frøken Broch, Frøken Malthe, Frøken Strandboe, Frøken Berg; Jomfru Pedersen, Jomfru Vold, Jomfru Stange, Jomfru Aalberg, Jomfru Thorsen, Jomfru Henriksen.*

-TM: *Fru Løchen, Fru Ryen, Fru Markusson, Fru Gram, Fru Klem, Fru Böckmann, Fru Hartmann, Fru Jonathan, Frøken Holmsen, Frøken Berner.*

Mennene er i regelen omtala med titlar som gjer greie for yrke, utdanning eller annan posisjon i samfunnet, jf.

-Bst: *Kandidat Massmann, Kandidat Meier, Kandidat Danielsen-Braut, Kapellan Hirsch, Pastor Ring, Professor Darre, Lærar Borreberg, Teologen Ellingstad, Cand. Filos. Viborg, Medisinar Knutzon, Student Stensrud, Kopist Petersen, Ekstraskrivar/Byraasjef Becker, Grosserer Helle, Grosserer Storr, Grosserer Lampe, Proprietær Stensrud, Løytnant Schmell.*

-Mf: *Presten Broch, Pastor Lyng, Professor Thorne, Professor Sars, Folkehøgskolelærar Meier, Privat-*

*lærar Hummelvik, Student Frigstad, Medisinar Kvaale, Ingeniør Dyring, Agent Knoph, Fullmekting Westgaard, Grosserer Böckman, Redaktør Klem, Bokbindar Kruse, Skipsførar Torstensen.*

-HhM: *Presten Brandt, Pastor Løchen, Kapellan Holck, Klokkar Eilertsen, Professor Borchgrevink, Sakførar Lehmann, Adjunkt Bryn, Student Uchermann, Agent Solum, Bakar Schulze, Skræddar Evensen, Grosserer J. Johannessen, Ølhandlar Simonsen, Proprietær Storm, Proprietær Wiig.*

Denne nemningsmåten, som høver med språkbruka i samtida, er gjennomført.

Det synest klart at forfattaren ved dette hjelpe-middelet har ønskt å synleggjera manglande likestilling mellom kjønna og understreka at samfunnet er mannsdominert og kvinneundertrykkjande.

### Namnetyding og namnesymbolikk

Sjølv om både føre- og etternamna opphavleg har språk-leg innhald, plar ein ikkje – utanfor litteraturen – rekna med at dei som namn på personar har tyding. Oppgåva er først og fremst å identifisera personar. Men i skjønnlitterære tekstar kan forfattarar nyta seg av det innhaldet som ligg i namna til å skildra personane. Nokre namnetydingar ligg nokså klart i dagen, t.d. i tilnamn, andre er – meir eller mindre – løynde, t.d. i det opphavlege innhaldet til namna.

Tydelegast er den personkarakteriserande namnebruka i *Haugtussa* og *I Helheim*, der det finst mange tilnamn som skildrar ulike sider ved perso-

nane, t.d. utsjånad, karakterdrag og eigenskapar, jf. (frå *Haugtussa*) *Late-Knut Aase*, *Liksæle-Knut*, *Søtmælte-Svein*, *Slurve-Jens*, *Sterke-Lars Kamp*, *Haale-Jakob*, *Snille Maren*, *Skavle-Guri*, *Rund-Malli*, *Berit Flogs*, *Langskankle Rakkel*, *Rove-Gro*, *Bøne-Per*, *Heilag-Per Aase*, *Breitle-Brit*.

Også mange stadnamn må kallast skildrande. Dei heng nøyne saman med innhaldet i forteljinga. Frå *Haugtussa* kan nemnast *Gravedeld*, *Grave-hei*, *Blaa-haugen*, *Svartedalen*, *Gjetleberget*, *Blaabærli*, *Kver-*



Arne Garborg tok eksamen på Heltbergs Studentfabrikk i Kristiania i 1875. Her er ei av skulebøkene hans som han har signert med namnet sitt og "Heltberg skole 1874". Boka er nå i Jærmuseet si eige. Foto: Jærmuseet.

*vesteinen*, *Gnavlehol*, og frå *I Helheim*: *Svartemo*, *Brageberg*, *Helaa*, *Helheid*, *Helhamar*, *Blodaa*, *Hovmannsdinsa*, *Raadsdy*, *Magthavar-fèni*, *Doms-diket*. Tydinga til slike namn er nær knytt til den funksjonen vedkomande stader har i diktverket. Her dreiar det seg ikkje om realistisk dikting, men om poesi, der namna er poetiske nemningar – både innhaldet og uttrykket.

Spesielt er det òg at hovudpersonen er omtala både som *Veslemøy* og *Haugtussa*, i tillegg til det eigentlege namnet *Gislaug*. Både kallenamna er skildrande og fortel om ulike eigenskapar – og roller – som hovudpersonen har. *Gislaug* har vore eit mykje brukt kvinnenamn i Sørvest-Noreg, ofte i målføreforma *Gitlaug*. Ifølgje Aurenes (1942: 119) er berre *Rannveig* meir brukt av kvinnenamn i skattemanntalslistene fra Jæren ca. år 1520. Det er to med namnet *Gitlaug* i ættelista som Garborg har teke med i *Knudaheibrev* (1922 d: 188).

Også i romanane er fleire tilnamn og utnamn direkte karakteriserande, jf. *Pater omnipotens* (Bst, dvs. 'allmektig'), *Haltemikkel* (HhM, pantelånar, også kalla *Mikkel paa Troppli*), *Torkjell Tutling* (Fr), *Fredheimsdronningi* (HhM, mor til Fanny Holmsen; ho var tidlegare gift med laste- og skogshandlar Holmsen på herregarden Fredheim), *Dauden i Lybekk* (HhM, ein gammal tollar som Fanny giftar seg med; jf. seinare omtale) og *Mangfoldigheta* (HhM). Fleire av namna er ironiske. Kallenamnet *Vedunderbø* (Bst) gjeld ein student med etternamnet *Underbø*

som hadde stroke til artium mange gonger, men som heldt ut, "seig som eit Vidunder" (Garborg 1921: 65). *Don Pedro de Monsen* (Bst) er ein student (Peder Monsen) som skifte namn kvar gong han flytte, for å sleppa unna rekningar.

Også nokre stadnamn kan kallast karakteriserande, jf. *Rotteholen* og *Graveheii* (Fr), som er tilhaldsstader for fattigfolk. Skildrande er elles nokre etternamn, jf. "den digre, koselege" student *Bang Block* (Bst), dessutan *Pastor Lyng* (Mf), prest i fjellbygda. I fleire namn ligg det humor, gjerne ironi, jf. *Proprietær Storm* på godset *Fredheim* (HhM), *Løytnant Schmell* (Bst) og marinemålar *Peter Tordenskjold Hansson* (Mf), omtala som "[a]lra manna keidastr" (Garborg 1921: 229, dvs. 'den mest keisame av alle menn'). Bonden *Napolon Salomonsen Storbrekke* (Fr) går rett på sak og sparar ikkje på banneorda, same kven han talar med. Namnet passar.

Oppkalling av kjende førebilete finn ein òg i Kiel-land sine romanar, jf. *Hans Nilsen Fennefos* (etter lekmannsføraren Hans Nielsen Hauge) og *Erik Pontoppidan Egeland* (etter biskop Erik Pontoppidan, forfattar av katekismeforklaringa *Sandhed til Gud-frygtighed*), både frå *Skipper Worse* (Særheim 2007: 34, 43). Romanpersonane har sams drag med personane som dei er oppkalla etter. Det ligg òg humor i slik namngjeving, bl.a. i samankoplinga av namnet til ein kjend person og eit 'vanleg' etternamn: *Egeland*, *Storbrekke*, *Hansson*. Modellen for lagingane er truleg henta frå Søren Kierkegaards *Stadier paa Livets*

Vej: "Men en saadan Helt er ligesaa comisk som et Skrædderbarn, der hedder Cæsar, Alexander, Bonaparte Æbeltofte" (Kierkegaard 1997: 296).

Frittalande og sjølvstendig er òg grosserer *Endre Storr* (Bst og Mf). Førenamnet *Endre* kjem av gno. *Eindriði* 'han som rår aleine, den einveldige', medan *Storr*, som finst som dansk etternavn, eigentleg er eit tysk tilnamn med tyding 'stiv' (Søndergaard 1984: 126); jf. elles at ordet *starr* 'starrgras', med grunntydninga 'stiv', i jærsk har forma *storr*. Innhaldet i namnet høver med karakterdraga til personen. Thesen (1933: 251) og Midttun (1962: 249) meiner at Endre Storr har drag frå forfattaren sjølv (jf. òg Sjåvik 1985: 55), og at modellen er son til Eilert Sundt, nemleg Einar Sundt, som var forretningsmann i London og Kristiania og økonomisk skribent. Føretekavane i dei to namna, *E.*, høver med dette framleggat.

Fleire prestar har namn som fortel noko om personen, t.d. *Presten Pukstad* (HhM). Han går sterkt ut mot fru Kahrs, som driv jenteskule, noko som fører til at ho må stengja skulen. Ifølgje presten driv ho med 'vranglære', for ho seier at kvinnene ikkje treng vera underdanige i høve til mennene. Føreleddet i *Pukstad*, som finst som gardsnamn, må vera gno. *púkim*. 'djevel'. Det er klar tale frå forfattaren si side om denne personen.

Også for *Kapellan Holck*, konfirmasjonspresten til Fanny, synest namnet karakterisera personen, som òg utsjånaden: "Han var mest ljot. Andlite var langt og liksom skeivt; Nasen tunn med ein litin Kuv;

Munnen smal og stor; Ham-Liten skomakarbleik; Augo saag ut berre som eit Par Rìvur undir Brunine" (Garborg 1922 a: 117). Holck "tala um Reinleik i Tankar so Fanny skalv" (op. cit. 119), han gav henne skuldkjensle og ho fekk inntrykk av at det seksuelle var noko ureint og stygt. Det tyske tilnamnet *Holck* er m.a. sett saman med det lågtyske ordet *holk* m. (Bahlow 1967: 244, Søndergaard 1984: 72), i norsk med tydinga 'utrangert skip, skrøpeleg, gammalt fartøy', jf. òg ordet *holk* m. 'kar', laga til adjektivet *hol*.

Mildare i tyding er prestenamnet *Johan Peter Blommenberg Vangen* i *Ein Fritenkjar*, jf. òg biskop og kyrkjeminister *Blume* i *Uforsonlige* (1888). Namna står for konformitet og tradisjonell tenkmåte. Fritenkjaren derimot heiter *Eystein Hauk*, eit namn av heimleg språkrot, med norsk klang – alle dei tre gamle diftongane er med, trass i at føre- og etternamnet til saman berre har tre stavingar. Også tydinga til namnet passar: rovfuglen 'hauk'.

Av lærarideal i Kristiania-bøkene kan i tillegg til *Gammel'n* (Bst), altså Heltberg, nemnast *fru Kahrs* (HhM). Sjåvik (1985: 90) skriv at den sistnemnde likar "å arbeide med barn og ungdom [...] og forsøker å oppdra elevene ved å hjelpe dem i deres naturlige utvikling mot forståelse og modenhet, ikke ved å regjere dem med jernhånd". Kahrs finst som namneform i Nord-Tyskland, ifølgje Bahlow (1967: 268) utvikla av *Macarius*, som er eit helgennamn, nytta om to helgenar i Egypt på 300-talet. Namnet kjem

av eit gresk ord med tydinga 'lukkeleg, sæl'. Det er ikkje sikkert at forfattaren har kjent til bakgrunnen og tydinga til namnet *Kahrs*, men karakteristikken høver forbausande godt.

*Kapellan Hirsch* og *Kandidat Massmann* (Bst) er to lærarar som får noko å seia for utviklinga til Daniel Braut. Sjåvik (op. cit. 45) set det sistnemnde saman med det tyske appellativet *Mass* 'mål', som kan sikta til kandidatens målretta haldning og realistiske syn på utviklingspotensialet til eleven: "Massmann er ikke bare den som tar mål av Daniels latinkunnskaper, men i samtaler med Ole Johannes gir han uttrykk for hva han mener Daniel kan oppnå i livet" (loc. cit.): "Kor langt han kann naa? – Haa; ein god Embættsmann kann han bli; ein ... slik som dei vil hava han; "send ham paa Fabrikken, Ole Johannes!" (Garborg 1921: 29). For Hirsch er det meir tale om idealførestellingar, tankeflukt, draumar og unrealistiske forventningar til Daniel. Namnet svarar til det tyske dyrenemnet *Hirsch* 'hjort'.

Etterleddet *-mann* med tydinga 'mann', i regelen med tysk bakgrunn, finn ein i fleire etternamn i Kristiania-bøkene, ikkje minst i *Mannfolk*, noko som kanskje ikkje er tilfeldig med tanke på at kjønnssroller og tilhøvet mellom erotikk og økonomi er eit hovudtema i denne romanen. *Grosserer Böckmann* (Mf), "ein diger, tettbygd, brutal Fyr" (Garborg 1921: 281), var gift med Nina, men heldt likevel prostiterte. I det tyske namnet *Böckmann* skal føreleddet ha samband med trenemnet *bök* (Bahlow 1967: 71),

men for grosseraren er det rimelegare å assosiera med fleirtalsforma *Böcke* av dyrenemnet tysk *Bock* m. 'bukk'. Skodespelaren *Hornemann* (Mf) var sterkt tiltrekt av Nina Böckmann. Sjåvik (op. cit. 67) tenkjer seg at namnet hans kan ha "noe å gjøre med å sette horn på ektemenn".

*Laurits Kruse* har, som fleire av mannspersonane i *Mannfolk*, ei tenestejente på si, men han har ikkje råd til å betala for seksuelle tenester og må difor ty til forføringskunster for å bli tilfredsstilt på dette området. Han vel å leva i løgn i høve til Dagmar Dyring, som han er forlova med. Det er nærliggjande å setja etternamnet hans saman med verbet *krusa* 'pynta, gje[ra] kompliment', i svensk også 'kjæla, stryka med handa', med bakgrunn i det lågtyske verbet *krusen* 'gjera krøllete' (Torp 1919: 329). Eit tilsvarande innhald høver for Kiellands *Morten Kruse* (Særheim 2007: 42), med modell i presten og stortingsmannen Lars Oftedal.

Også *Dr. Kvaale* (Mf, TM) er forlova, han kjøper seg i tillegg seksuelle tenester og utviklar etter kvart syfilis. Trass i at han som lege har god kjennskap til verknadene av sjukdommen, giftar han seg. Han prøver å drukna sitt dårlege samvit og andre kvaler i alkohol, men det endar med at han tek livet sitt (TM). Namnet tykkjest, om ein les det med lang *a*, varsle den tragiske endelykta hans.

Den einaste mannspersonen i Kristiania-bøkene som synest vera lukkeleg gift, er *Markus Olivarius Markussen*, oftast kalla *Mark Oliv*. Han er den

einaste personen som er med i alle fire romanane, men kanskje er han meir eit ideal og talerøyr, t.d. når det gjeld familieliv og syn på politikk, erotikk og kulturspørsmål, enn eit levande menneske. Føre- og etternamnet inneholder det latinske namnet *Mārcus*, vel avleidd av gudenamnet *Mārs*, jf. den romerske forfattaren, talaren og statsmannen Marcus Tullius Cicero (106–43 f.Kr.), dessutan evangelisten Markus i Det nye testamentet. På 1800-talet var dette namnet mykje brukt i Sør-Troms (NPL 196). Garborgs Markus er omtala som trønder, ifølgje Midttun (1962: 241, jf. òg Sjåvik 1985: 78, 142) med Andreas Hølaas som modell. *Olivārius* er identisk med det latinske adjektivet *olivārius* 'oliven-'.

### Daniel Braut

I namna til somme hovudpersonar ligg det spenningar som høver med karakterdraga og utviklinga deira. *Daniel Braut* (Bst, Mf, Læ, HS) har eit bibelsk førenamn og eit nordisk etternamn, jf. òg faren *Ole Johannes Sørbraut*. Her er ulike tradisjonar å vera tru mot, noko som blir vanskeleg for Daniel. Også pastor Braut er utilfreds i ekteskapet, noko som ifølgje Sjåvik (op. cit. 76) kan ha samband med at han har 'slite seg ut' med prostituerte medan han var forlova. Han nyttar religionen til å rettferdigjera manglande erotisk dugleik i ekteskapet, noko som er med på å gjera han til ein komisk figur.

Det hebraiske førenamnet, med tydinga 'Gud er min dommar', peikar mot Daniel i GT, ein jødisk

profet ved hoffet i Babylon i eksiltida. Han vart, som kjent, kasta i løvehola fordi han ikkje ville retta seg etter eit påbod om ikkje å tilbe andre enn medear-kongen; men Daniel heldt ut ei natt i løvehola. Ut frå namnet ventar ein mot og styrke til å stå for noko: "Våg å stå som Daniel", som borna syng på sundags-skulen. Bondesonen Daniel Braut, som det var store forventningar til i heimemiljøet, blir stilt på fleire prøver, men han tek ikkje opp kampen. Illustrerande er sluttorda i *Bondestudentar*, der Daniel i ei Kristia-nia-gate får auga på kapellan Hirsch, som var prega av grundtvigske tankar: "Student Braut visste ikkje si arme Raad. Han snudde seg rundt, skaut Kryl paa Ryggen og tok til Beins med lange Stig; svinga so inn i ei Sidegate" (Garborg 1921: 216). Han hadde ikkje mot til å møta sin tidlegare lærar.

Daniel Braut er, som nemnt, rake motsetninga til Daniel i GT. Han står ikkje for arven og kulturen frå heimemiljøet, jf. Garborgs eigne ord i dagboka for 9.3.1907: "Daniel Braut er, kann eg segja, den na-sjonale Stakkarsdomen eg hev funni i Folke og i meg sjølv, og som det daa skulde gjelde um aa vinne yvi" (1924: 246). Den einaste som den veletablerte pastor Braut finn grunn til å stå opp mot, er Paulus Høve, idealisten som ønskjer å ta Jesu lære på alvor ved å selja garden sin og bruka livet sitt til å hjelpe fattig-folk. Romanen *Bondestudentar* er gjennomsyra av ironi, særleg gjeld det skildringa av hovudpersonen. Også namnet hans er ironisk. Det har faktisk blitt namn på ein type: 'ein Daniel Braut'.

### Enok, Paulus, Anna, Helga og Serina Høve

Spenninga mellom det heimlege norske og det bibelske/kristne finn ein òg i namna til medlemmer av Høve-ætta. At gards- og ættenamnet *Høve* kan sikta til heiden gudedyrking, med tydinga 'gudehov, altar', understrekar denne konflikten. Førenamnet til hovudpersonen i *Fred* er det gammaltestament-lege *Enok*, med tydinga 'innvigd, helga', i GT brukte om patriarken *Enok* – han som vart rykt bort av Gud, og ikkje fekk ein naturleg død. Denne hendinga peikar fram mot den døden Enok i *Fred* får – han tok sitt eige liv. Lovreligionen som Enok prøvde å praktisera, tok til slutt knekken på han. Den sterke dragninga mot det religiøse og konflikten mellom ulike religiøse interesser er varsle i namnet. Også han har blitt ein type: 'ein Enok Høve'.

Den yngste sonen hans Enok, han som prøver å gjennomføra Jesu lære i praksis, heiter *Paulus*. Modellen er apostelen Paulus i NT, slik det er fortalt i *Heimkomin Son*. Men Paulus Høve – også kalla *Paal*, *Sant Paal*, *Paal apostel*, *Læraren*, *Herre* – står for noko anna enn namnen, altså ein ny, alternativ Paulus. Thorn (1972: 158) peikar på at Garborg ved dette namnet ønskjer å "poengtere at denne Paulus fra Jæren i mangt og meget er ment som et motstykke til Paulus fra Tarsus. Det er nemlig Garborgs overbevisning at med apostelen Paulus er forvanskningen av kristendommen begynt, slik at den etter hvert er blitt noe annet enn hva Jesus selv hadde forkynt".

Også kona hans Enok, Anna, og kona hans Paulus,

Helga, har namn frå den religiøse verda. *Helga* er eit nordisk namn som har språkleg samband med adjektivet *heilag*, medan *Anna* kjem av eit hebraisk ord med tydinga ‘nåde’. Kanskje namnet *Anna* òg siktar til at ho var ‘ei anna’, den andre kvenna for Enok. Den første var Kjistina frå Ramstad, men med henne var det “Berre Armod og Vesalldom; so det kunde kje verte noko” (Garborg 1922 c: 16).

Heller ikkje namnet til den eldste dottera hans Enok, *Serina*, ser ut til å vera tilfeldig valt. Som kjent, var det takka vera henne at slektsgarden kom attende til Hòve-ætta (DbF, HS), for sonen hennar, Einar, tok over garden. Namnet *Serina* er utvikla av *Severine* (og *Severin*), som kjem av latin *Sevērīnus* med tydinga ‘alvorleg, streng’. Det gjev bod om indre styrke og motstandskraft overfor ytre påverknad. Ho vart gift med lensmann og stortingsmann Reidar Bø nord i fjordane: “Staut Kone er det; og visst ikkje lite stor paa det” (Garborg 1922 c: 384 f.); jf. elles at *Bø* i norrønt tyder ‘gard’. I *Knudaheibrev* fortel Garborg om ei barndomsveninne med dette namnet: “Desse Sogune enda alltid upp-i ei Ørske-Høgd; eg vart Konge, Keisar, Pave, Lyktemann og kva som helst; og ho vesle Serina hans Sven vart Dronning, Pave-Dronning med, naar det kom so langt som til den siste store Sigers- og Stasdagen” (1922 d: 208).

### Fanny Margrete Holmsen, Georg Jonathan og Gabriel Gram

Fanny Margrete Holmsen er hovudperson i *Hja*

*ho Mor*. Namnet *Margrete*, som òg er morsnamnet, har gresk-latinsk bakgrunn, med tydinga ‘perle’. Både dette namnet og andre trekk, t.d. skildringar av andletsdrag (“si fyrste Rukke”, “fraa Nasevengen nedyyti til den eine Munnviki”, Garborg 1922 a: 6, 243), er med på å binda dei to kvinnene saman, og understrekar at denne romanen er i samanhengande forteljing om livet og samfunnsstillinga til to fattige kvinner – mor og dotter – i åra 1870–90 (jf. Sjåvik 1985: 81).

For namnet *Fanny* går spora til engelsk språk. Det er opphavleg ei kjæleform av *Frances* (og *Stefanie*) som var populær i England på 1700- og 1800-talet. Som litterært namn er det fleirtydig. *Fanny* er namn på den svenske diktaren Frans Mikael Franzéns muse, altså diktargåve, inspirasjon. Hans første *Fanny*-dikt kom ut i 1821. Dikta hans førte til popularitet for namnet. Også Kielland nyttar dette namnet om ein sentral person, nemleg Fru Fanny Garman (i *Garman & Worse*), som står for prakt, sjarm og erotisk forføring, men har tvilsam karakter, og er kanskje den som “fortel tydelegast koss det strålande overklasselivet er falskt og fælt” (Andersen 1999: 51).

I engelsk er elles ordet *fanny* et vulgæruttrykk for kvinneleg kjønnsorgan, ein ordbruk som er heimla i skrift i 1870-åra, jf. òg Lodge sin kommentar (1992: 36): “One of the great mysteries of literary history is what exactly the supremely respectable Henry James meant by calling one of his characters Fanny As-singham”. *Fanny* heiter òg hovudpersonen i Clelands

omstridde bok *Memoirs of a Woman of Pleasure* frå 1749, altså *Fanny Hill*. Her er same førenamn og like førebokstavar i etternamnet. Både Fanny Hill og Fanny Holmsen kjem av fattigfolk, frå småbyar, og flyttar til hovudstaden, men medan den førstnemnde skaffar seg levebrød gjennom prostitusjon, greier den andre å leva av det vesle ho tener på strøjobbar. Ei barndomsveninne hamnar i prostitusjon. Gabriel Gram kan ikkje tru at Fanny berre lever på ekspeditriseløn, og han bryt med henne fordi han trur ho er ei av dei som 'sel seg'. Ein grunntanke i boka er at kvinnene pga. økonomisk ufridom knapt kan leva eit fullverdig liv; for å greia seg må dei selja seg til menn. Pga. manglande økonomisk støtte frå den fråskilde mannen sin ser Margrete Holmsen seg nøydd til å skaffa seg inntekter frå sin eigen kropp. For Fanny blir utfallet at ho etter å ha slite med småjobbar i nokre år, giftar seg med den gamle tollaren Ryen, Dauden i Lybekk, som var "stygg. Lang og mager som ein Dauding, og fleinskallut og blank [...] Og so hadde han ein Smil som minte um Matfeitt" (Garborg 1922 a: 124). Føresetnaden for fornuftsgiftarmålet er at ho får seg ein tur til utlandet: "ho kostar ei Italiaferd [...] "Ein kann hoppe ut fraa Dampske", mulla ho" (op. cit. 243). Det ligg sterke spenningar og motsetningar i namnet til Fanny Margrete Holmsen.

Både Georg Marius Ludvigsen Jonathan og Gabriel Jeronymus Gram er med i tre romanar (Mf, HhM, TM). Den førstnemnde, som er døypt *Georg Marius Jonathan Ludvigsen*, er son til Johanne Ludvigsen

frå Kristiansand og ein engelsk orlogskaptein som ho "hadde komi i Vegen for" (Garborg 1921: 280). Han endra namnet sitt til *Georg Ludvigsen Jonathan*, "for Angelsakse var han med Gud og Retten, og Angelsakse vilde han vera" (loc. cit.). I *Mannfolk* er Georg Jonathan – med si skarpe tunge – talmann for ein ny seksualmoral. Han vil ikkje gjera kontrakt om kjensler og prøver samliv med fleire kvinner, men han endar i eit konvensjonelt ekteskap. Han ser ikkje alltid dei menneskelege konsekvensane av ideane sine. I *Trætte Mænd* står advokat Jonathan fram som ein kald matter of fact-person, med eit mekanisk livssyn, prega av 1880-åras framgangsstru, med slagordet: "at handle er Mandens Nydelse". Han gjer narr av Gabriel Gram som har omvendt seg. Men Jonathan er i denne boka sett gjennom augo til Gran, noko biletet av han er prega av.

*Georg* er namnet på Englands vernehelgen, altså St. Georg (ca. 300 e.Kr.). *Jonathan* i GT er son til den første israelittarkongen, Saul. Han blir ein nær ven av kong David. Jonathan er altså kongssonen som ikkje blir konge, noko som kan minna om lagnaden til Georg Jonathan. Han står fram med nye og radikale idear, men han greier ikkje å realisera dei.

Gabriel Gram er i *Mannfolk* omtala som "ein liten bleik Bergensar, med kolsvart Haar og eit kolsvart Munnskjegg" (Garborg 1921: 267). Han er hovudperson og signatur i dagbokromanen *Trætte Mænd*, der han står fram som ein asosial tilskodar til livet, med sans for det estetiske og mystiske, for fransk

dekadansedikting og spiritisme. Han lid av "Nervur", misbrukar alkohol, er ugift, men får dekt dei erotiske behova sine hjå prostituerte. Ifølgje Buvik (Garborg 1980: 203) er Gram "nevrotisk splitta både i forhold til kvenna og i forhold til forpliktande samliv. Han er til og med splitta i forhold til sine eigne splitta kjensler". Ei slik personspalting kan vera varsle i namnet hans.

*Jeronymus*, som kan sikta til Grams legning for det estetiske, mystiske og religiøse, er ei dansk form av det greske namnet *Hieronymus*, med tydinga 'heilag' og 'namn', brukt om ein av kyrkjefedrane (347–420) og vernehelgen for humanistiske syslar. *Gabriel*, med tydinga 'Guds mann', er i Bibelen omtala som Guds erkeengel – det er han som kjem med bod til Maria om at ho skal føda Guds son. Waage (1998: 84 ff.) peikar på at engelen Gabriel i *Daniels bok* ber bod om endetidsprosessen, og at *gramma* på latin tyder 'bokstav' eller 'det skrivne', slik at namnet kan stå for "Guds (sende)mann i skrift": "hans skriverier er et forsøk på å framskaffe sin egen utgave av den hellige skrift" (op. cit. 85).

Men etternamnet *Gram* kan også oppfattast på andre måtar. Det kan setjast saman med dialektordet *gram* m., som er nytta om eit krypdyr, ein liten giftorm som bit dødeleg, både menneske og dyr – vel eigentleg eit fabeldyr. Det skal ha to hovud, eitt i kvar ende, og kan hoppa høgt. Ordet finst i norrønt med tydingar som 'vond, vreid' og 'djevel'. Garborg har nok kjent ordet, for det er brukt i Sør-Rogaland, jf. Heskestad 1956,

Midbrød 1997: 50, *Stavanger Turistforenings årbok* 1999 (s. 115).

Namnet *Gabriel Gram* kan ha samband med den djupe karaktersplittinga til personen, på same tida 'Guds mann' og 'djevelen' eller 'giftormen som bit dødeleg'. Gram er redd for å bli galen, "Vanvidet eller Kristus" skriv han i boka si (Garborg 1922b: 220), og han slit med sjølvordstankar, som også hans nære ven dr. Kvaale. Men medan den sistnemnde tek livet sitt, blir religionen og kyrkja løysinga på den eksistensielle krisa til Gram, ein utveg som ikkje er skildra utan ironi.

### Oppsummering

Namnebruken i diktinga til Arne Garborg kan seiast å vera i samsvar med det litterære programmet til diktaren. Både når det gjeld nordiske og bibelske namn, lokalmerkte namneformer og skiftande namnebruk i ulike sosiale miljø, samsvarar namnebruken hans med naturalismens krav om tidrette og truverdige miljøskildringar.

I somme høve synest forfattaren gjennom namna gje uttrykk for eit spesielt syn i ei aktuell stridssak, bl.a. når det gjeld kvinnefrigjering, målspørsmålet og den kristne læra. Tydinga og konnotasjonane til fleire namn speglar eigenskapar og karakterdrag til personane, i somme høve ved bruk av ironi. Granskning av namnebruken i diktinga til Garborg gjev interessante innfallsvinklar til verka hans.

## Litteratur

- Andersen, Anders M. 1999. *Garman & Worse – klassisk og moderne*. A.M. Andersen & H. Gujord (red.): *Å lesa Kielland. Tidvise Skrifter* 32. 45–77.
- Aristoteles. Om diktekunsten og retorikken. *I Europeisk litteraturteori fra antikken til 1900*, Eiliv Eide mfl., red. 1987. Oslo–Bergen.
- Aurenes, Ola. 1942. Litt om namneskikk og namne bruk på Jæren gjennom 400 år. *Stavanger Museums Årshefte* 51. 1940–41, 117–22.
- Bahlow, Hans. 1967. *Deutsches Namenlexicon*. München.
- Cleland, John. 1749. *Memoirs of a Woman of Pleasure*. Oxford World's Classics. 1985. Oxford.
- Garborg, Arne. 1921, 1922 a, b, c, d. *Skriftir i Samling* 1, 2, 3, 4, 7. Jubilæumsutgaave. Kristiania.
- . 1924. *Dagbok 1905–1923*. 1. Kristiania.
- . 1954. *Mognig og manndom*. Brev. Oslo.
- . 1980. *Verk*. 4. Oslo.
- Hamsun, Knut. 1933. *Samlede Romaner*. 12. Oslo.
- Heskestad, Peder. 1956. Gramen. *Årbok for Jæren og Dalane* 1956, 100–02.
- Kierkegaard, Søren. 1997–. *Søren Kierkegaards Skrifter* [1–55]. N.J. Cappelørn et al. (red.) København.
- Kvillerud, Reinert. 1987. Personnamnets betydelse, form och funktion hos författaren Maria Gripe. I *Nionde nordiska namnforskarkongressen*, red. Göran Hallberg mfl. NORNA-rapporter 34, 51–62. Uppsala.
- Lodge, David. 1992. *The Art of Fiction. Illustrated from Classic and Modern Texts*. London etc.
- Midbrød, Arvid. 1997. Ord fra bygd og by i Dalane. *Årbok for Dalane* 12. 1996–1997, 12–166.
- Eigersund: Dalane folkemuseum.
- Midttun, Olav. 1962. Opplysninger og merknader. I Arne Garborg: *Bondestudentar*. Skuleutgåve. 10. oppl., 232–66. Oslo.
- NPL: Kristoffer Kruken og Ola Stemshaug. *Norsk personnamnleksikon*. 2. utg. ved Kristoffer Kruken. 1995. Oslo.
- Rydså, Lisbeth. 1996. *Personnamn i fire naturalistiske romanar*. Upublisert hovedfagsavhandling, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo.
- Rygh, Oluf (red.). 1905. *Norske Gaardnavne* 16. Kristiania.
- Sjåvik, Jan. 1985. *Arne Garborgs Kristiania-romaner*. Oslo.
- Stavanger turistforenings årbok* 1999. (Opplev Dalane). Stavanger.
- Særheim, Inge. 2001. *Daniel Braut og Gabriel Gram*. Nokre drag ved namnebruken i Arne Garborgs diktning. *Maal og Minne* (2001). 161–182.
- . 2007. "Njædel? – hvad er det for et barbarisk Navn?". Namnebruken i Alexander L. Kiellands romanar. *Namn og Nemne* 23. 27–45.

- Søndergaard, Georg. 1984. *Danske efternavne.*  
*Popularitet, betydning, oprindelse.* København.
- Thesen, Rolv. 1933; 1936; 1939. *Arne Garborg.*
- Frå jærbu til europear; Europearen; European og jærbu.* Oslo.
- Thorn, Finn. 1972. *Arne Garborg og kristendommen.* Oslo.
- Torp, Alf. 1919. *Nynorsk etymologisk ordbok.* Kristiania.
- Winge, Harald (red.). 1986; 1995: *Fantefortegnelsen.* 1845; 1862. Skrifter fra Norsk lokalhistorisk institutt. 10; 30. Oslo.
- Waage, Lars Rune. 1998. “[...] med en Kvinde gaar en Mand under, og uden en Kvinde kan han ikke leve”. Om “mannlighet” og “kvinnelighet” i Arne Garborgs Trætte Mænd. Upublisert hovedfagsavhandling, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.

**Verk som er omtala:**

*Ein Fritenkjar* (EFr 1881), *Bondestudentar* (Bst 1883), *Mannfolk* (Mf 1886), *Uforsonlige* (Ufo 1888), *Hjaa ho Mor* (HhM 1890), *Trætte Mænd* (TM 1891), *Fred* (Fr 1892), *Haugtussa* (Hta 1895), *Læraren* (Læ 1896), *Den burtkomne Faderen* (DbF 1899), *I Helheim* (IHh 1901), *Knudaheibrev* (Knb 1904), *Heimkomin Son* (HS 1908).